

# Referat frå FAU-møte 14.09.17

Til stades: Anne Lansom, Inger Lise Riveland, Mona Auestad og Irene Thu.

Meldt fråfall: Hege Tungland Langbakk og Bjørn Vetrhus

- Utdeling av oppgåver

Leiar: Anne Lansom

Nestleiar: Inger Lise Riveland

Sekretær: Irene Thu

- Ny skuleleiing

Me ønskjer den nye skuleleiinga velkommen og ser fram til eit godt samarbeid!

- Forslag til temakveld i januar 2018:

På Forsand skule sitt årshjul står det at FAU og skuleleiinga skal arrangere foredrag for foreldra med aktuelle tema. Det har kome inn forslag på aktuelle tema:

- Silje Marie Strandberg; Om psykiske lidelser
- Alkohol og rus
- Mobbing
- Grensesetting
- Seksualitet

- Facebook-gruppe for foreldrekontaktane

Som i fjar, ønskjer me å ha ei facebookgruppe for FAU og foreldrekontaktane. Der kan FAU lettare få ut info til alle klassane, og det er enkelt for foreldrekontaktane å ta kontakt med oss i FAU.

Irene oppretter ei slik side.

- Internett på skulen

Me har fått rapport om at born har gått inn på pornosider på datamaskinar på skulen. Dette ønskjer me ikkje skal vere mogleg! Kan det installeraast filter på datamaskinane, slik at dette unngås? FAU vil ta dette opp med skuleleiinga.

- Skulens visjon

Ei fornying av ordlyden i skulens visjon er tatt i bruk i den nye planen for heim-skule samarbeidet. Dette er positivt. Er det denne visjonen som er i bruk nå? FAU spør skuleleiinga.

- Skulens ordensreglement

Me foreslår å kalle dette «Trivselsreglar» i staden for ordensreglement, for å fremje ein meir positiv tone. Me foreslår og at det lagast ei forenkla utgåve til bruk på småskulen. Fleire foreldre reagerer på å måtte ta opp reglar ift. rus, alkohol og våpen i denne alderen.

- Garderobesituasjonen under ombygginga

Fleire klasser brukar nå felles garderobe saman med høgare klassetrinn. Å skifte i garderoben med større barn kan lett opplevast litt skremmande for nokre av borna. Kva kan ein gjere med det? FAU sender mail til skuleleiinga for å få ei rask vurdering av dette.

- Uteområde for ungdomskulen

Ungdomsskuleelevene har eit lite tilrettelagt uteområde. Kva kan ein gjere for å forbetra det? Kan dei for eks. få sittegrupper? FAU tek dette opp med skuleleiinga

- Korleis blir skulekvardagen hausten 2018?

Dette bør avklarast så raskt som råd er, slik at foreldra får god tid til å førebu seg.

- Møte med FAU på Høle

Me ønskjer å besøke Høle FAU for å høyre korleis dei driv arbeidet sitt.

Inger Lise tek kontakt med dei.

- Eiga e-post til FAU

FAU ønskjer å ha ei eiga mail-adresse der foreldre kan ta kontakt. Til nå har leiaren sin private mailadresse blitt brukt, men me meiner det vil vere ryddigare om FAU har si eiga mailadresse. Både leiaren og nestleiaren bør ha tilgang, og ved byte av leiarar blir denne tilgangen overført til dei neste leiarane. FAU spør skuleleiinga om det kan ordnast via skulen sitt datasystem.

- FAU si side på skulen si heimeside

Denne sida må oppdaterast, m.a. med dei nye medlemmene i styret. Me ønskjer og å ha den nye mailadressa til FAU der, så fort den er klar.

- Neste møte

FAU sitt neste møte blir tysdag 17.okt, kl 20.00.